

## Saksprotokoll

---

Utval: Kommunestyre A  
Møtedato: 27.09.04  
Sak: 0079/04

---

Arkivsak: 04/00636  
Tittel: SAKSPROTOKOLL: SKATTEOPPKREVARFUNKSJONEN

Handsaming:  
Ingen merknad

### Vedtak:

Vik kommune meiner skatteinnkrevinga må framleis vera kommunal oppgåve. Det er dokumentasjon på god rettstryggleik, brukarservice, småe restansar. Det er også dokumentasjon på synenergi mellom skatteoppkreving og anna kommunal innkreving. Kommunal skatteinnkreving betyr mykje for den samla økonomiforvaltninga i kommunane.

Frå 1965 har det vore politiske vedtak på at kommunal organisering av skatteinnkrevinga er den mest rasjonelle. Uavhengig av kommunestorleik er løysingsgraden no over 99%. Små kommunar har høgast del av rettidig innbetalte skattar og såleis ein lågare del som må tvangsinnkrevjast. Berekna ressursbruk i høve til utlikna skatt viser også fordeler med småkommunar i høve til større kommunar.

Skatteoppkrevarutvalet si innstilling om statleggjering vil medføra sentralisering og færre og større einingar. Det vil ikkje gje betre brukarservice, og det manglar incitament til god skatteinnkreving. Innstillinga har ikkje gitt svar på korleis rettstryggleiken skal ivaretakast.

Forslag som er lagt fram for å betra skatteinnkrevjinga i landet kan gjennomførast sjølv om det framleis er kommunal og lokal organisering av skatteinnkrevinga.